

VEDTEKTER FOR ÅREBROT GREINDAHUS BA

§ 1 NAMN OG SELSKAPSFORM

Årebrot Grendahus er eit partslag med vekslande medlemstal, vekslande kapital og avgrensa ansvar.

§ 2 FORMÅL

Formålet med partslaget er å reise og drive eit greindahus, for på den måten å skaffe innbyggjarane på staden ein høveleg samlingsstad, med plass til møte, festar, kino og teaterframsyningar, konsertar, bibliotek, studiorom, idrettsformål m.m. Partslaget har ikkje til formål å ha forteneeste på foretaket.

§ 3 BRUK AV HUSET

Grendahuset skal stå ope for alle lovlige formål. Ingen skal stengjast ute på grunn av religiøse, sosiale eller politiske syn. Huset vert elles disponert slik som styringsorganet i partslaget finn formålsteneleg. Det skal takast omsyn til den økonomiske stoda til ei kvar tid, og til dei sosiale og kulturelle formål som huset skal gje plass til. Leigevilkåra skal vere dei same for alle som nyttar huset, enten dei er partseigarar eller ikkje. Dersom det er usemje om bruken av greindahuset, ut over det som styret kan avgjere, skal saka avgjerast på årsmøte.

§ 4 PARTANE

Partane i laget kan teiknast av organisasjonar, lag, institusjonar og einskildpersonar i form av kontantar, naturalia eller dugnadsarbeid. Partseigarane har ikkje ansvar for laget sine pliktar utover dei partane som er teikna.

Verdi av kvar part er kroner 100.-. Det skal først særskild protokoll over partseigarane og fordelinga av partane. Om nokon som er naturleg brukar av greindahuset er utan partar, kan dei etter søknad til styret, og styret si godkjenning få kjøpe partar i partslaget.

§ 5 OVERDRAGING AV PARTAR

Det er ikkje høve til å overdra partar utan at styret for partslaget samtykkjer.

§ 6 STYRINGSORGANET I PARTSLAGET

Partslaget har desse styringsorgana :

- a) Årsmøte
- b) Styret

§ 7 ÅRSMØTET

Årsmøte er øvste organ i partslaget. Innkalling til årsmøte skal skje med brev. Denne med førebels saksliste skal sendast ut minst 1-ein månad før møtet skal haldast.

Framlegg som nokon måtte ynskje handsama på møtet, må styret ha minst 14-fjorten dagar før møtet skal haldast. Endeleg saksliste skal sendast ut 1-ei veke før årsmøtet skal haldast.

Årebrot Grendahus BA

Årsmøtet er vedtaksført når minst 10-ti av partseigarane møter og røyster. På årsmøtet har kvar partseigar 1-ei røyst, utan omsyn til kor mange partar ho/ han har i laget.

Årsmøtet kan ikkje gjere vedtak i andre saker enn dei som står på sakslista. Dei partseigarane som ikkje er tilstades på møtet, er bundne av dei vedtak som vert gjort.

Årsmøtet vert styrt av ein ordstyrar som vert vald av og innan årsmøtet. Revisor og kontrollnemnda bør vere med på årsmøtet, men har ikkje røysterett.

Det skal først møteprotokoll som vert lesen opp ved slutten av møtet til vedtak og underskriven av ordstyrar og 2-to personar valde i og av årsmøtet til dette.

§ 8 ÅRSMØTESAKER

Årsmøtet vert halde innan utgangen av februar, og handsamar ordinært denne sakslista :

1. Val av ordstyrar og referent
2. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med ordstyraren.
3. Årsmelding og regnskap
4. Framlegg til budsjett for komande år, og dei økonomiske disposisjonar elles.
5. Val av styremedlemmar, leiar og kasserar.
6. Val av revisor og kontroll nemnd.
7. Andre saker som står på sakslista.

Til å førebu valet på neste årsmøte vel årsmøtet ei valnemnd på tre medlemmar og ein varamedlem.

§ 9 OMFRAMT ÅRSMØTE

Omfram årsmøte kan kallast inn av styret, eller når minst 1/3 av partseigarane krev det for grunngeven sak. I omfram årsmøte kan berre handsamast dei sakene som står på sakslista for møtet.

§ 10 STYRET

Styret for partslaget skal ha 5- fem medlemmer og 2-to varamedlemmer, styret skal veljast for 2-to år. Av dei som er valde ved fyrste valet går 2-to ut etter 1-eit år, etter lutdraging, og der etter dei som har gjort lengst teneste i styret. Leiaren av styret og varamedlem er på val kvart år. Dei nyvalde medlemmane i styret går straks inn i styret. Leiar for styret og kasserar vert valde av årsmøtet. Nestleiar og skrivar vert valde av og innan styret. Styret kan ta avgjer i saker når meir enn halvparten av styremedlemmane er til stades, mellom dei leiar eller nestleiar. Ved likt røystetal gjer leiaren si røyst utslaget. Styret skal setje i verk vedtak i partslaget, og tek elles avgjerder som administreringa av grendahuset krev. Styret har ikkje høve til å selje, pantsette eller på annan måte hefte laget sine faste eigedommar.

Styret kan heller ikkje gjere avtale om kausjonsplikter av noko slag, eller bruke laget sine inntekter til anna enn vedlikehald, og drift av huset.

Det skal først protokoll frå møta i styret. Protokollen skal underskrivast av leiar og skrivar. Underskrifta til leiar eller i hans fråver underskrifta til nestleiar er bindande for laget.

§ 11 FORRETNINGSFØRAR, VAKTMEISTER OG ANNA ARBEIDSHJELP

Styret kan tilsette forretningsfører, vaktmeister og anna arbeidshjelp, etter at årsmøtet har gjort vedtak om at det skal opprettast slike stillingar. Styrets leiar har og tilsyn med arbeidet til forretningsfører og vaktmeister. Dei tilsette skal rette seg etter påbod som styret eller leiar gjev. Vaktmeisteren er også underlagt forretningsføraren si arbeidsleiing, og må rette seg etter

Årebrot Grendahus BA

dei påbod som forretningsfører og / eller styret og leiar for styret gjev. For begge stillingane gjeld instruks, utarbeidd av styret og godkjent av årsmøtet.

§ 12 REKNESKAP OG BUDSJETT

Styret for partslaget skal syte for at der vert ført tilfredstillande rekneskap. Rekneskapet fyljer kalenderåret og vert gjort opp og avslutta pr. 31 Desember. Årsrekneskap og status, med underskrift av revisor og kontrollnemnd, og framlegg til budsjett for komande år, skal sendast til medlemmane i partslaget saman med innkallinga til årsmøtet.

§ 13 REVISJON OG KONTROLLNEMND

Årsmøtet i partslaget skal velje ein eller fleire revisorar med turvande fagkunnskap. Revisjonen skal utførast etter dei instruksar som partslaget fastset. Dersom partslaget tilset revisor, vel årsmøtet ei kontrollnemnd på tre medlemmar som gjennomgår revisjonsmerknader og styreprotokoll, og gjev tilråding til årsmøtet.

§ 14 VEDTEKTSENDRINGAR

Endring i vedtektene kan berre skje i ordinært årsmøte. Medlem i laget som ynskjer endring i vedtektene må sei skriftleg i frå om det til laget, seinast 4-fire månader før årsmøtet. Det må stå i innkallinga kva framlegget til endring går ut på.

Når det gjeld vedtektsendringer må minst 15- femten partseigarar vere frammøtte og røyste. Endringane må vedtakast med 2/3 av dei avgjevne stemmane.

§ 15 OPPLØYSING

Vedtak om oppløysing av partslaget eller overdraging av heile formuen kan berre gjerast på årsmøtet i partslaget, der alle partseigarane er innkalla. Der som oppløysing eller overdraging av eiga skal kunne vedtakast, må minst 2/3 av partseigarane møte fram, og minst 2/3 av dei røyste for framlegget.

Der som ikkje 2/3 av partseigarane er representert på møtet, kan oppløysing eller overdraging av partane likevel vedtakast dersom 2/3 av dei frammøtte på eit nytt møte, der alle partseigarane er innkalla med minst 1-ein månads varsel, røystar for framlegget.